

Innspel til ny nasjonal digitaliseringsstrategi

Hei!

For det fyrste er det særst positivt at ein går ut og etterspør innspel so bredt som ein gjer – vonar de får mange gode tilbakemeldingar og innspel på dette.

Innspela eg kjem med her er mine egne og sjølv om det kjem frå arbeidsmail so er ikkje desse innspela forankra i organisasjonen formelt (sjølv om den kanskje er einig i innspela). Innspela er basert på erfaringar ein har opparbeida seg etter vel 8 år i kommunal sektor der deler av den også har vore med deltaking i små og store samarbeid – blant anna DigiVestland.

Sitat frå dykk; «Strategien skal mellom anna stake ut kursen for vidare digitalisering av offentleg sektor, legge betre til rette for digitalisering i næringslivet og ta opp viktige samfunnsprosmål, som behov for betre regulering av nye teknologiar – til dømes kunstig intelligens - og forholdet til tech-gigantane.»

Bakgrunn for påstand under; Alle 356 kommunar, uavhengig av størrelse, er meir eller mindre lovpålagt å levere dei same tenestene av den same kvaliteten til sine innbyggjarar. I tillegg har ein fleire lovar, forskrifter, normar og liknande ein er pålagt å fylgja. Grunna forskjellen på tal tilsette, kompetanse blant tilsette, økonomi, samansetning, situasjonsforståing, fokus, osv – so er det forskjell på kva nivå (grunnmur) kommunane per i dag er på og difor stor forskjell på kva grad ein kan ta i mot den strategien som kjem, uavhengig av korleis den ser ut. Det same gjeld til dømes anbefalingar på blant anna grunnprinsippa til NSM. Sjølv om samarbeidsorganisasjonar som til dømes DigiVestland gjer mykje bra og ideologien er god – so meiner eg at her også vil dei minste kommunane falle igjennom og ikkje klara å henga på og/eller implementere i stor nok grad. Ein prøver å få dei til å byggja slott på usikker grunnmur som då raskt kan rasa saman sidan ein ikkje har fått skikkeleg fundament på plass.

Påstand frå meg; Ein av dei udiskutable (etter mi meining) største tidstyvane til kommunar i dag og der det potensielt er størst sjanse for å anten ende opp med eit system som ikkje var det ein skulle ha, eit system som kostar unødig mykje (både i innsats/tid å anskaffa men og i implementering og ei reine kostadar sidan avtalen ein fekk forhandla fram ikkje var god nok), eit system som ikkje oppfyller sikkerheita sidan kompetansen på å laga kravsspesifikasjonen ikkje var god nok, eit system som ikkje passar saman med andre system i organisasjonen sidan mangel på tid/ressursar gjer at ein ikkje har på plass naudsynt verksemdsarkitektur og/eller dokumentasjon – eg kunne ha satt på enno fleire punkt her men eg trur eg får fram poenget.

Kvifor er det slik at det i 2023 ikkje finnes ein nasjonal tenestekatalog som kommunar kan «handle» i frå som er forhandla fram av eit nasjonalt organ for å sikra at ein overheldt lover, forskrifter (NIS), sikkerheit (NSM sine grunnprinsipp), har best mogleg prisar samstundes som at utvalet lyt syta for at ingen leverandørar får monopol og hoffplass (og sikkert bør reviderast og ha begrensa kontraktstid for å oppretthalda eit sunt marknad), også vidare.

Kvifor lyt kommunane – også dei heilt små – bruke tid, ressursar og kompetanse dei har på å gjere akkurat det same som dei 355 andre kommunane har måtte gjera for å få eit system som skal gjere akkurat det same som hjå dei andre (med små lokale tilpassingar)?

Men blir ikkje dette løyst i Digi-samarbeida då? Nei – for dei små klarar ikkje henge med der heller og sjølv om det er lyfta opp på eit større nivå enn kvar enkelt kommune, so skal det som jobbast fram der framleis ha støtte frå alle medlemskommunane og ein får eit mareritt av antall relasjonar som skal ytra si meining og godkjenne framgangen som gjer at ein ender opp med at prosessane tar mykje lenger tid enn naudsynt og ein liten kommune vil slita med å ha nok ressursar på å fylgje med i alle dei forskjellige faggruppene.

So kva er eigentleg innspelet då?

Innspelet mitt er; utarbeide ein nasjonal «nettbutikk» med tenester/system som offentleg sektor kan velje mellom for å spare enorme ressursar på anskaffingsprosessen – og som samtidig vil underbyggje anbefalingar frå NSM ved at ein har forhandla fram krav og kontroll på verdikjeda på nasjonalt nivå og ikkje satt det ansvaret på at 356 kommunar skal huske å ha desse krava i sin eigen kravsspesifikasjon.

Det trur eg kommune-Noreg og leverandørane også hadde spart enorme summar og tid på – samstundes som eg trur det hadde forbetra sikkerheita som ein synergi. Om ikkje me får kontroll på fundamenta og grunnmuren i Noreg, so trur ikkje eg at ein klarar å lukkast med digitaliseringsarbeidet i det heile – ein blir då springande etter slik mange gjer i dag og heile tida er på bakbeina i staden for at ein kan fokusera på å utvikla og forbetra tenestene til innbyggjarane og kan jobba førebyggjande på sikkerheit i staden for å driva med brannslukking.

Og leverandørane kunne ha nytta tida på å forbetra og utvikla systema og løysingane sine i staden for å måtte svare ut 356 like (men framleis so ulike at dei lyt behandlast manuelt) kravsspesifikasjonar som eigentleg vil ha det same.

Med venleg helsing

Voss herad

Kim André Vaksdal

Konstituert leiar Digitalisering&IT



Profesjonell – Påliteleg – Skapande – Inkluderande